



Terje Breivik
Stortinget

Notat vedr. verknader av forslag til statsbudsjett 2018. Konsekvenser for Hardangerkommunane.

Viser til møte i Ulvik 30.10.2017.

Framlegget i statsbudsjett 2018 om å fjerna verk og bruk som eigen kategori betyr kr 17 mill i reduksjon i eigedomsskatten for kommunane i Hardanger.

Konsekvensar for Hardangerkommunane

Kommune	Bortfall verk og bruk
Granvin	2 000 000
Ullensvang	838 950
Eidfjord	1 400 000
Kvam	4 849 138
Jondal	600 000
Ulvik	3 125 384
Odda	4 188 338
Sum	17 001 810

Reduksjonen i eigedomsskatt for kraftverka i Hardanger var i 2017 om lag kr 24,5 mill.

Denne føreslegne endringa har så store konsekvenser for vår region at vi meiner forslaget ikkje kan handsamast i samband med statsbudsjett 2018. Slik Hardangerrådet ser det vil ei forsvarleg handsaming vera berre gjennom eit lovutval der både LVK og KS har plass. Gjennom ei slik handsaming vil ein kunne få fram ei forsvarleg utgreiing dei av konsekvenser ei slik endring vil kunne få for kommunane. Kriteria for fastsetjing av kapitaliseringsrenta bør verta ein del av arbeidet til eit slikt lovutval.

For Hardangerkommunane kjem inntektene frå kraftanlegga i hovudsak frå statsbedrifter som Statnett og Statkraft som begge har store overordna samfunnsoppgåver. For dei gjeld ikkje same dynamikken i høve til at ei lettare skattlegging sikrar bedriftene og fører til meir nyetableringar. For desse er det kanskje meir eit spørsmål om korleis slike bedrifter gjer opp for seg, i form av utbytte (til staten), eller skattar (til både kommunar og stat).

Bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk vil føra til auka eigedomsskatt på private hus og fritidsbustader for at det skal vera mogeleg å oppretthalda dagens nivå på det kommunale tenestetilbodet til innbyggjarane.

Dei økonomiske konsekvensane av forslaget om endring i eigedomsskatt på verk og bruk er ikkje utgreidd i tråd med utgreiingsinstruksens krav til statsforvaltninga ved lovforslag.

Sentralskattekontoret hadde pr. 27.10. ikkje sendt ut lister over eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg for skatteåret 2018. Det var difor til møtet vårt ikkje mogleg å seia kva utslag dette får i 2018, men me kan nok rekna med beløp opp kr 20 mill. Noko av dette skuldast reduksjon i kraftprisar, noko skuldast uendra kapitaliseringsrente. Faglege argument tilseier at kapitaliseringsrenta burde vore 4% (Jfr. professor Øyvind Nordli si tilråding til Finansdepartementet.)

I tillegg vil auka grunnrenteskatt medføra at eigedomsskatten vert redusert med kr 1-1,5 mill. Auka grunnrenteskatt gjev reduserte kommunale inntekter all den tid grunnrenteskatten til staten vert trekt frå i grunnlaget for den kommunale eigedomsskatten. Forslaget medfører derfor ein auka statskatt på bekostning av den kommunale eigedomsskatten.

Kinsarvik 30.10.2017

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt